

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
2/2010	Vilt og innlandsfiskeremnd	23.02.2010

Fjellstyresak til uttale: Forslag til endring av fiskereglane for statsalmenningane

- 1 I Fjellstyresak til uttale: 10/2010: Forslag til endring av fiskereglane for Lom Fjellstyre statsalmenningane
- 2 S Fjellstyresak til uttale: Forslag til endring av fiskereglane for statsalmenningane

Saksutgreiing

Lom fjellstyre har i møte 08.02.10 drøfta framlegg til endring av fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsalmenning. Saksutgreiing frå fjellstyret følgjer nedanfor:

Reglane for garnfiske.

For Leiråstjernet og Bøvertjønnen har det vore ei mellombels ordning med å ta med eit garn med maskestorleik 24 mm (26 omf.) i tillegg til den ordinære kvoten på 2 garn av 29 mm (22 omf.) storleik. Bestandstilhøva både på Leiråstjernet og Bøvertjønnen tilseier at denne ordninga bør halde fram.

Det vart sist sommar prøvefiska på Lågtungetjernet på Memurutunga. Våren 2006 vart det sett ut 300 settefisk på tjernet, desse var alle merka med avklypt feittfinne. Av fangsta på 45 fiskar tok vi att berre 3 fiskar som var merka. Alle sat i garn med maskestorleik på 21 mm (30 omf.). Den totale fangsta i garna av denne maskestorleiken var på 29 fiskar, altså berre ca. 10 % av fiskane var utsette. Dette syner at det har vorte stor sjølrekruttering i vatnet. Fisken var mager, gjennomsnittleg k-faktor var på 0,78, fisken hadde lys kjøtfarge, og det var ein relativt høg andel av gytefisk i fangsta. Alt dette tyder på for tett fiskebestand i vatnet.

Garnfiske har ikkje vore tillate på noko av dei små vatna på Memurutunga. Fjellstyret har vald å halde dette som eit område for krokfiskarar, da det er mange relativt små vatn der, og sjølrekrutteringa er lita eller manglar på dei fleste av dei. I tillegg til Lågtungetjernet er det særleg Langtjernet som må seiast å ha altfor tett bestand, og der garnfiske avgjort er ein utveg for å betre tilhøva.

Bruk av båt ved oterfiske for utanbygdsbuande.

For innanbygdsbuande er det inga avgrensing i bruk av båt til nokor form for fiske. Utanbygdsbuande har lov til å bruke båt for oterfiske berre på Høyvatnet. Det har kome innspel på at dette burde endrast slik at utanbygdsbuande også får høve til å nytte båt ved oterfiske på dei vatna oterfiske er tillate for dei.

Fiske for barn og ungdom.

Mange fjellstyre har innført fritt fiske med stong eller handsnøre for ungdom inntil dei fyller 18 eller 20 år, som eit tiltak for å prøve og auke rekrutteringa til fritidsfiske. Rekrutteringa av dei yngre blant fiskarane er mangelfull også her i allmenningen. Fjellstyret bør vurdere om det er eit aktuelt tiltak å gjennomføre for å auke interessa for fritidsfiske blant barn og ungdom.

Fjellstyret har samrøystes gjort følgjande framlegg til endring i fiskereglane:

Garnfiskereglane

På Bøvertjønnen og Leiråstjernet vert lovleg antal garn og garnstorleik sett til: 2 stk. 29 mm (22 omf.) + 1 stk. 24 mm (26 omf.) eller mindre.

Bruk av båt for utanbygdsbuande til oterfiske

Dette vert tillate på alle vatna der utanbygdsbuande har løyve til å fiske med oter.

Fiske for barn og ungdom

Det vert innført fritt fiske for fiske med stong eller handsnøre for ungdom inntil det kalenderåret dei fyller 20 år. Frikort skal dei kunne få utskrive hjå kortseljarene eller på fjellstyrekontoret mot framvising av aldersbevis.

Vilt- og innlandsfiskeremnda har fått framlegget til uttale samstundes som det vert varsla og lagt ut til offentleg gjennomsyn. Fjellstyret vil gjere endeleg vedtak i saka i møte 01.03.2010.

Vurdering:

Det er positivt at Lom fjellstyre nyttar dei mogelegheitene som finst i fiskereglane for å få ei betre forvaltning av fiskebestandane i Lom. Ein støttar derfor framlegget om opning for å ta med eit garn med 24 mm maskestørrelse eller mindre for Leiråstjernet og Bøvertjønnen, og løyve til bruk av båt for utanbygdsbuande til oterfiske.

Saksbehandlar i fjellstyret opplyser at det også har vore drøfta å opne for garnfiske i Lågtunge- tjernet og Langtjernet på Memurutunga. Fjellstyret har foreløpig har konkludert med at ein bør unngå å opne for garnfiske i desse vatna som ligg i eit område der det elles ikkje er tillate med garn. Fjellstyret vil i staden vurdere organisert utfisking i eigen regi i desse to vatna.

Når det gjeld innføring av fritt fiske for ungdom i statsallmenningane kan fjellstyret sjølv bestemme dette. Dette er eit positivt tiltak som kan vere med på å auke rekrutteringa til fritidsfiske i Lom.

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom vilt- og innlandsfiskeremnd støttar framlegget frå Lom fjellstyre om endringar i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ein viser elles til saksutgreiing frå fjellstyret.

Saksprotokoll i Vilt og innlandsfiskeremnd - 23.02.2010

Vedtak

Lom vilt- og innlandsfiskeremnd støttar framlegget frå Lom fjellstyre om endringar i fiskereglane for Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Ein viser elles til saksutgreiing frå fjellstyret. Samrøystes.